

Caps

Han går alltid med caps. Men han kan ikkje hugse kva tid han begynte alltid å gå med caps, og det må jo tyde på at det er lenge sidan og at han var ganske liten den gongen. Han har mange capsar, nokre er frå store byar ute i verden, som Berlin og New York, andre er frå land, som Irland og Sverige, dei fleste av desse capsane har han fått. Han har også capsar som ikkje noko står skrive på. Og han har capsar i tøy, i dei forskjelligaste fargar, og han har to capsar i svart skinn. Alltid går han med caps. «Kvifor må du alltid gå med caps?» seier mor hans. «I alle fall når du er inne, kan du vel ta av deg den der capsen din,» seier ho. Då svarar han ikkje, men han tar ikkje av seg capsen sin. Men det hender jo at han tar av seg capsen sin, når han går og legg seg om kvelden tar han nok som oftast av seg capsen, og då er håret hans flatt og litt glatt, og håret hans ser ikkje noko vidare fint ut i det heile. Men kva gjer vel det, for neste morgon, då han igjen må vise seg for folk, har han jo igjen

ein av capsane sine på hovudet. Ofte har han nok tenkt på kvifor han alltid går med caps, men noko svar har han ikkje komme fram til, nei, og for han held det å vite at han jo likar å gå med caps og ikkje føler seg vel utan. Når han har det slik med capsen, får han vel berre halde fram med å gå med caps, verre er det ikkje. Og ofte har han nok også tenkt på kvifor han vel nett den eller den capsen nett denne morgonen. Det hender han går med den same capsen heile dagen, men det er heller sjeldan, oftast tar han på seg ein caps om morgonen, den går han med på skulen, når han så kjem heim om ettermiddagen skiftar han gjerne til ein annan caps, skal han gå og ha gitartime om kvelden, tar han gjerne på seg ein caps, skal han vere aleine, tar han ein annan caps igjen og vidare sånn. Det er forresten ikkje slik at den og den capsen er knytt til det og det, ein caps til gitartimane, for eksempel, nei, det skiftar ikkje slik, likevel er det slik at ein caps kjennest meir rett ut enn ein annan caps når han ein dag skal ha gitartime og tar på seg nett den capsen, sjølv om han til neste gitartime kanskje tar på seg ein annan caps, som i så fall kjennest ut som den rette til nett den gitartimen.

Han heiter Olav og han veit ikkje kvifor han ikkje kjenner seg vel viss han ikkje går med caps, og han veit heller ikkje kvifor han veit kva caps han vil ta på seg den og den morgonen, eller når han skal gjere det eller det, då eller då.

Han heiter Olav og han er fjorten år. Han går alltid i caps. Må han ta av seg capsen sin, viss for eksempel mor hans eller mormora ikkje vil gi seg med masinga si om at han må ta av seg capsen, i alle fall når han et, som dei seier, så kjenner han seg ikkje vel, det er som om han skjemst av seg sjølv dersom han ikkje får ha capsen sin på, då sit han der og fiklar med hendene i håret, held hendene framfor ansiktet, han ser ned, han ser skygt opp. Han vil helst sleppe vere saman med andre, om han ikkje har capsen sin på seg.

Han går alltid med caps. Han heiter Olav og han går i åttande klasse. Og han har ein lærar, særleg ein, som ikkje likar at han sit med caps på inne i klasserommet. Fleire gonger har denne læraren sagt at han må ta av seg capsen sin, timen har begynt, og denne læraren har bede han om å ta av seg capsen sin. Då er det ikkje anna å gjere enn å ta av seg capsen, endå så lite han likar å måtte gjere nettopp det. Læraren ber Olav ta av seg capsen sin, seier noko slikt som at ein ikkje skal sitje med lue på inne, no må han hugse det ein gong for alle, seier læraren, og så tar Olav av seg capsen og legg den ned i ryggsekken sin. Det kjennest vondt ut, ikkje å ha capsen på hovudet. Når det ringjer ut, tar han sjølv sagt på seg capsen sin igjen og det er slett ikkje sikkert, veit Olav, at den neste læraren vil mislike at han sit med capsen på inne. Dei er så forskjellige slik, lærarane.

Men Olav kan ikkje like å måtte ta av seg capsen sin, slett ikkje i klasserommet. Og Olav har bestemt seg, at neste gong læraren ber han om å ta av seg capsen, skal han ikkje ta den av, banna bein. Og

det ringjer inn. Olav går saman med dei andre inn til timen, no skal dei ha den læraren som ikkje likar at han sit med capsen på, og no skal ikkje Olav ta av seg capsen når læraren seier at han må ta den av seg, som læraren jo alltid gjer. Det har ringt inn og Olav og dei andre går inn i klasserommet. Olav finn pulten sin og set seg ned, han tar opp bøkene dei skal bruke i denne timen. Læraren kjem inn, han legg bøkene frå seg på kateteret. Læraren begynner som han har for vane med å seie kva dei skal gjennomgå og slik. Etter ei stund kjem han ned til Olav og seier at han må ta av seg capsen. Olav nikkar mot læraren, men han tar ikkje av seg capsen. For i dag vil han vel ikkje ta av seg capsen. Etter ei stund kjem læraren igjen ned til Olav, han seier ikkje noko, han tar berre capsen av hovudet på han. Og så ser Olav læraren gå framover mot kateteret med capsen hans i handa. At det skulle ende slik med den fine capsen, tenkjer Olav. Nei og nei, tenkjer han. Og nett den fine capsen der, tenkjer han. Det ringjer ut, og Olav må gå ut i friminuttet utan caps og den eine etter den andre kjem og spør kvar han har gjort av capsen sin, han ser jo heilt flat ut i hovudet utan caps, seier dei. Men Olav seier ikkje noko.

Skuledagen er over og Olav tar bussen heim. Og endeleg heime får han tatt på seg ein ny caps. Det var frykteleg trist med den fine capsen, tenkjer Olav, men heldigvis har han jo mange capsar igjen. Neste morgon på skulen stiller Olav i caps som vanleg. Og dei andre seier at no har han visst begynt å gå med caps igjen, han tar seg betre ut med caps, seier dei. Også i dag skal dei ha den læraren som i går tok capsen hans. Men Olav har bestemt seg, heller ikkje i dag skal han ta av seg capsen når læraren seier at han må ta av seg capsen. Det ringjer inn til nett den timen, Olav og dei andre går inn. Og Olav skal ikkje ta av seg capsen når læraren ber han ta den av seg, det har han bestemt seg for. Undervisninga begynner som vanleg. Olav sit der med capsen sin. Etter ei stund kjem som vanleg læraren ned og ber han ta av seg capsen. Olav nikkar. Læraren går fram til kateteret igjen, og Olav sit der som før med capsen sin på hovudet sitt. Timen går. Det ringjer ut. Olav og dei andre går ut frå klasserommet, læraren går ut. Og Olav har framleis capsen på. Fleire timar den dagen har dei den same læraren og Olav sit der heile tida med capsen sin på, læraren seier ikkje noko. Og så er skuledagen over. Olav reiser heim, om kvelden skiftar han caps, tar og legg gitaren i gitarkassen og går til gitartimen, han går langs fortauet i capsen sin, med gitarkassen, og Olav tenkjer ikkje på noko bestemt, han går berre langs fortauet og han ser ein mann komme ut på fortauet, og så snur mannen og han går opp igjen den gata han kom ned frå. Det var ein mann som ombestemte seg, tenkjer Olav. Og Olav ser etter mannen. Og den capsen kjenner han for så vidt igjen, tenkjer Olav. Folk er rare, tenkjer han. For kvifor går læraren rundt i capsen hans?

Fra Caps og andre noveller for ungdom, 1994

insisterte: holdt fast på, stod fast på
nokre: noen
kvifor: hvorfor
kva: hva
nett: akkurat, nettopp
skjemst: skammet seg
skygt: redd, sky